



Kartverket

FJORD KOMMUNE
Postboks 144
6211 VALLDAL

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 20/01233-41	08.11.2024
	Ark.: 326.12 BS	

Namnesak 2024/264 - Bjørkekipa, Fitvatnet - Fetvatnet mfl. i Fjord kommune

Kartverket fekk ei innmelding i Rett i kartet om ein del stadnamn i Tafjorden i juli i år. Innspelet vart sendt vidare til kommunen, som allereie har gjort ein del undersøkingar om namna

Saka blir tatt opp for å få formalisert rett skrivemåte for offentleg bruk. For Bjørkekipa er det også naudsynt å avgjere kva som er rett plassering

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld følgande namn med variantar av skrivemåtar:

Namn	Namneobjekt
Fitvatnet – Fetvatnet	vatn
Fetegga	fjell
Pettertjønna	tjern
Storkaldhusdalsvatn/-vatnet	tjern
Bjørkekipa	?

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttale seg, og lokale organisasjonar har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknyting til.


Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Derfor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, ber vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel følge gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 første ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

www.kartverket.no

Meir informasjon om namna:



1. Fitvatnet – Fetvatnet
2. Pettertjønna
3. Storkaldhusdalsvatn/et

1 Fitvatnet – Fetvatnet, Fitegga – Fetegga

Innmeldaren skriv at den lokale uttalen er *Fetvatnet*.

Skrivemåten *Fitvatnet* vart vedteken i namnesak i 1999. Namnet på fjellet var ikkje med i namnesaka, så i dag har vatnet og fjellet ulike skrivemåtar i Noregskart. Før vedtaket var skrivemåten *Fet-* for begge.

Eit sok i Nasjonalbiblioteket viser at *Fetegga* berre har denne eine skrivemåten i aviser og litteratur. Skrivemåten *Fitvatnet* er nytta i bøker to gonger etter at vedtaket er gjort, elles er skrivemåten *Fetvatnet*.

2. Pettertjønna

Navnet har ikkje stått på kart.

Øystein Mølmen nyttar namnet i boka *Jakt og fangst i Norddal* frå 2020, s. 274.

3 Storkaldhusdalsvatn/et

Storkaldhusdalsvatn er skrivemåten i innmeldinga. Alle andre naturnamn i området har bunden form, t.d. *Illstigvatnet* og *Slettedalsvatnet*. Kartverket ber derfor om informasjon om dette namnet blir uttala i bunden eller ubunden form (*vatne* eller *vatn*).

4-5. Bjørkekipa

For dette namnet er det viktig å få informasjon om rett plassering og rett namneobjekttype før namnet kan registrerast på kart, sjå kartskisse under. Namnet var plassert ved den rauda prikken i innmeldinga, men kommunen har fått inn opplysningar om at lokaliteten ligg lenger nord (ved blå prikk).



Bjørkekipa. Plassering i innmeldinga markert med raud prikk, plassering etter opplysning frå kommunen med blå.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjere at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordne dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottek brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namneglede spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Med venleg helsing

Helge Dønvold

sekjonsleiar

Berit Sandnes

stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift i samsvar med interne rutinar.

Lenker:

- [Lov om stadnamn](#)
- [Forskrift om stadnamn](#)
- [Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Kopi

Torkjell Døving
Ole Grønberg Myrild
SPRÅKRÅDET
Terje Systad, FJORD KOMMUNE